

Fra: Marita Otteraa Rykkje <Marita.Rykkje@dof.no>
Sendt: 2. oktober 2014 14:19
Til: Aud.Vinnes@austevoll.kommune.no; Espelund Anne Marta; Austevoll kommune; Firmapost-Vest; tom.eide@skl.as; harald.ottera@tide.no
Emne: Oppsummering etter møte og synfaring i Otterå Gnr59 Bnr1

Hei

Under finn de oppsummering frå møtet i dag.

Frammøtte:

Marita Otterå Rykkje (søkjar)
Harald Otterå med fullmakt frå grunneigar Oddvin Inge Otterå
Aud Margunn Vinnes - Austevoll Kommune
Ole Hausberg - Austevoll Kommune
Edvard Johannes Stangeland - Varaordfører - Austevoll Kommune
Marian Barsnes - Statens Vegvesen
Anne Marta Espelund - Statens Vegvesen

Inviterte men ikkje oppmøtte:

Tom Eide, SKL Nett.

Stad: Otterå i avkøyrslle, Gnr 59, Bnr 1

Tid: 2 oktober 2014 kl 09:00 - 10:00

Marita opna møtet med gjennomgang av saka:

Søknad er sendt kommunen om frådelling av tomt, på same tid er søknad sendt til Vegvesenet om utvida bruk av denne avkøyrslle. Avkøyrslle blir av søkjar med fleire oppfatta som ei av dei betre avkøyrslle i Austevoll i 80-sona. Møtet er ynkt for å søkja å finna løysingar som kan mogeleggjera tomtefrådellinga. Det er umogeleg for søkjar å byggja med vedtaket til Vegvesenet i grunn. Årsaka er den store kostnaden med utbetringa i høve til krava.

Avkøyrslle leiar og til SKL nett sin eigedom. Her kjem all straum til Austevoll i land og blir fordelt.

Kravet er og omfattande av di SKL nett treng tilkomst med store transportar. Det vert då stilt spørsmål om det er riktig å gje kravet til ein privatperson som ikkje har nokon mogelegheit til å gjennomføra dette på eigen kostnad.

SKL er i forkant av møtet sett inn i saka, og har gjeve tilbakemelding om at dei ikkje ser det som sitt ansvar å kosta ei slik utbetring som vegvesenet har skissert i sitt svarbrev til Marita.

Det vart snakka litt fram og tilbake om grunnen til kravet, og vegvesenet viser til rammeplan for området, der Otterå ligg i "strengt" område. Dei forklara og korleis dei definerer avkøyrslle og kva krav som då ligg i systemet.

Det vart stilt spørsmål om det er mogeleg å fråvike krava, og i kva tilfeller dette evt kan gjerast, utan at ein mottok noko klårt svar på dette.

Vegvesenet viser til ein trafikk på 1500 bilar i døgnet. Dette trur dei frammøtte frå Austevoll kommune, grunneigar og søkjar er eit særst uriktig (for høge) tal for dette området (Otterå).

Søkjar forsøkte å belysa sin situasjon og oppfatting av saka.

Varaordfører seier at ein må visa skjønn, og at ein må ikkje gå fram på eit vis som vil øydeleggja grendene. Det kan ikkje vera slik at alle må bu i sentrum.

Han meiner at det burde kunne gjeast dispensasjon til oppføring av eitt hus, omstendighetane tatt i betraktning.

Hellinga i sørgående retning hadde vore ei anna og nærare dagens krav (flatere inn frå hovudveg) før SKL Nett endra avkøyrslle og heva vegen for nokre få år sidan då dei skulle ha tilkomst med ein ny hovudtrafo for Austevoll. Denne endringa vart ikkje søkt om til Statens Vegvesen.

Vegvesenet laga og utforma denne avkøyrslle i 1965.

Ole Hausberg frå kommunen søkte andre løysingar for krysset, og ein gjekk gjennom ein eventuell alternativ

utbetring.

Forslag var då å gjera ei mindre utbetring i nordgåande del av dagens avkøyrsløse, der ein kjem nærare krava om helling frå hovudveg. Dette vil gje ei betre hellingsløyising ref krav. Då vil ein måtte stengja sørgåande del av avkøyrsløse for dagleg trafikk, med mogelegheit til å opne denne ved store transportar. Slike transportar er uvanlege, men må kunne gjennomførast ved behov.

Vegvesenet vil ta med seg dette innspelet og gjera ei vurdering rundt det. Dei vil gje ei tilbakemelding på om ein kan løysa saka på ein slik måte.

Eg gjer merksam på at dette referatet er skrive av søkjar og kan difor oppfattast som partisk av nokon.

Sendt fra min iPad



